

Opna sesongen med sigrar

16.01.2011



**Det vart ingen sesongopning i Fjellhaugen i dag
på grunn av ver og føre, men
dei to ivrigaste skiløparane i Uskedalen
hadde opna sesongen allereie dagen før.
Dei var med i Vikingrennet i Herresåsen
på Voss laurdag og tok kvar sin klassesiger.
Kari Bråtun vann 15-årsklassa og Ingebjørg Haugland 16-årsklassa.
Bråtun vann med eit heilt minutts margin. Begge klassar
gjekk 5 kilometer.**

Dette rennet er ein tradisjon, men Bergensklubben plar
arrangera det på Voss på grunn
av snømangel i Bergen.
Det var 200 deltagarar og rennet
gjekk iløypene der NM skal arrangerast neste år.

I år gjekk det under vindfulle forhold. Dei to jentene
er svært fornøgde med smørteeteamet
som var Svein Ove Bråtun og Lars Haugland.

(Foto: Svein Ove Bråtun)